

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
21/967 -1		Ivar Eilev Refsdal	91513117	23.07.2021

Søknad om utsleppsløyve - for grønkompatering, Hesjaslettet. Vik Kommune

Sender søknad om utsleppsløyve for Hage-/Parkavfallsplass i Vik Kommune. Etter avslutta anleggsperiode på Goteviktunnelen ynskjer Vik Kommune å nytta ein del av arealet på Hesjaslettet til lagring og handtering av hage- og parkavfall for Vik Kommune. Området ligg no som eit massedeponi, med gjeldande reguleringsplan for dette. Bruk som grøntkompostanlegg for hage- og parkavfall er og beskreve i denne reguleringsplanen.

Søknad om uttsleppsløyve etter forureiningslova for dette tiltaket blir no innsendt her.

- Vedlagt er planar frå Simas, beskrivelse og kart.
- Søknadsskjema frå tidlegare Fylkesmannen i Vestland.
- Vedlegg til søknadsskjema med beskrivelse av avfalltypane, etter NS-9431.
- Reguleringsplan for Hesjaslettet
- Ros-analyse, Asplan Viak

Reguleringsplanen for området beskriv naturtypane i området og elva Vikja som renn forbi på nedsida av området. Konsekvensutgreiingar for området er beskrevne i denne, og i ROS-analysen.

Oppstart for bruk inntegna område til hage-/parkavfallsplass er planlagt hausten 2021. Ta kontakt om de treng meir opplysningar.

Med helsing

Øistein Edmund Søvik
Rådmann

Ivar Eilev Refsdal
Prosjektleder bygg , anlegg og utvikling

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Vedlegg

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.07.2021	Fylkesmannen - søknadsskjema-for-avfallsanlegg	226580
23.07.2021	vedlegg-til-soknadsskjema--skjema-for-registrering-av-avfallstypar-og-korleis-dei-skal-handterast	226581
23.07.2021	Planføresegner Hesjaslettet 1417-2014004	226582
23.07.2021	SIMAS-Tegningar og Forslag Vik kommune hage park	226583
23.07.2021	ROS-analyse	226584





Søknad om løyve til avfallsanlegg etter forureiningslova

Søknadsskjema for avfallsanlegg

Dette skjemaet kan nyttast ved søknad om løyve til avfallsanlegg i Vestland.

Søknaden gjeld:

- kompostering av organisk avfall
-
-
-

Drift av deponi og forbrenningsanlegg er regulert i avfallsforskrifta. Skal du søkje om drift av denne type anlegg, sjå eige rettleingsmateriell på Miljødirektoratet sine heimesider. Ta eventuelt kontakt med Fylkesmannen.

Krav til innhald i søknad

[Forureiningsforskrifta § 36-2](#) lister opp krav til innhald i søknad om løyve. Ved å fylle ut dette søknadsskjemaet vil dei ulike punkta i § 36-2 vere dekkja.

[Forureiningsforskrifta § 36-3](#) set meir omfattande krav til innhald i søknad frå verksemder som er omfatta av industriutslippsdirektivet (IED). Kva for avfallsverksemder dette gjeld går fram av punkt 5 i [vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Søkjar må derfor først avklare om aktiviteten det skal søkast om er omfatta av IED. Sjå punkt 1.3. Ein del punkt og vedlegg til søknadsskjemaet gjeld berre for IED-verksemder.

Sakshandsaming

Søknaden må i dei fleste tilfelle på offentleg høyring, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Vanleg høyringsfrist er minimum 4 veker. Fylkesmannen legg søknaden ut på offentleg høyring, på www.fylkesmannen.no/Vestland og i minst ei avis, og ber om uttale frå kommunen. Søkjar betalar for kunngjeringa i avisa.

Vanleg tid for sakshandsaming er 6-9 månader frå fullstendig søknad er mottatt.

Gebyr

Fylkesmannen tek gebyr for arbeidet med løyve i samsvar med [forureiningsforskrifta kapittel 39](#) om gebyr til staten for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova.

Innsending av søknaden

Søknaden skal sendast til Fylkesmannen på e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no, eller til Fylkesmannen i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.

Spørsmål

Spørsmål i samband med søknad om nytt eller endra løyve til avfallsanlegg kan rettast til dei som jobbar med avfall hos Fylkesmannen i Vestland. Sjå:

<https://www.fylkesmannen.no/Vestland/Miljo-og-klima/Avfall-og-gjenvinning/>



Generell informasjon

Informasjon om verksemda

Vik Kommune - 6893 Vik i Sogn

Namn på verksemda

Vik Kommune

Namn på anlegget

Hage-/parkavfallsplass i Vik kommune

Adresse til anlegget

Stadheimsvegen 161 - Hesjasletta - Vik kommune, Gnr.6/59 i Vik

Postadresse

Stadheimsvegen 161

Postnr. og -stad

6893 Vik i Sogn

Telefon verksemd

482 93 818

E-post verksemd

ivar.eilev.refsdal@vik.kommune.no

Organisasjonsnr.

937498764

Fakturaadresse

Kontaktperson

Ivar Eilev Refsdal

Kontaktperson

Ole Petter Ramberg - mob. 993 12 372

Telefon kontaktperson

48293818 - Ivar Eilev

E-post verksemd

ivar.eilev.refsdal@vik.kommune.no

E-post kontaktperson

Søknaden gjeld

 NyetableringAnna

Kort samandrag av kva søknaden gjeld

Vik Kommune ynskjer å nytta Seljadalsvegen 264, til etablering av ny plass for mottak og handtering av hageavfall i Vik kommune.

Estimert mengde pr. år er ca. 500m³ kverna masse.

Avfallstypene det gjeld etter Norsk Standard- NS 3491 er:

nr. 1131 - Park og Hageavfall

nr. 1143 – Flis spon og bark

Planlagt tiltak blir utført etter beskrivelse frå Simas, med kart over området.

Beskrivelse vedlagt i søknaden.

01.10.2021

Planlagt dato for oppstart/ending

Er verksemda omfatta av industriutsløppsdirektivet, jf. [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#)? Ja Nei

Gjeld berre IED-verksemder: Skriv opp punkt i [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#) som gjeld for verksemda

Reguleringsplan beskriver at - bruken av området som masselager og grønkomposteringsanlegg må avklarast etter forureiningslova. Etter eigen søknad til Fylkesmannen i Vestland.

Lokalisering

Eigedom

Før opp eigedomen/-ane søknaden gjeld i tabellen under:



Gardsnr.	Bruksnr.
6	59
26	108

Legg ved kart. Sjå punkt 17.

Avstand til naboar

140 meter i luftlinje

Avstand (m) til næraste nabo

Heilårsbustad

Type nabo (heilårs-/fritidsbustad, sjukehus, barnehage, leikeplass, industri osv.)

Eksisterande bruk av eigedomen

Omtal eksisterande bruk av eigedomen

Massedeponi for Gotevik-tunnelen mellom Vik-Vangsnes

Kommuneplan og reguleringsplan

I kommuneplanen er området sett av til

Reguleringsplan for lagring av tunnellmassar, planid. 1417-2014004

Området er i reguleringsplan regulert til

Steinbrudd og masseuttak, i planskildring frå Asplan Viak er grønkompost beskreve. Etter anleggstida på Gotevik-tunnelen.

Om anlegget og drifta

Omtale av anlegget, arten og omfanget av verksemda og valt teknologi



Fyll inn «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside. Sjå punkt 17.

Legg ved detaljkart. Sjå punkt 17.

Driftstid

Kva er planlagt driftstid for verksemda? Fyll inn i tabellen:

Type dag	Set kryss viss drift	Skriv opp klokkeslett
Kvardagar	x	0800-1600
Kveld kvardagar		
Natt		
Laurdag		
Sundag og heilag dagar		

Avfallstypar

Avfallstypar skal gå fram av «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside. Sjå punkt 17.

Energi

Omtal dersom det er relevant for verksemda. *Gjeld i hovudsak større prosessanlegg som er IED-verksemdar.*

Utsleppskjelder

Avfallshandtering

Dersom det er andre utsleppskjelder frå avfallshandteringa enn det som går fram av aktivitetar i «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside, omtal



Transport

Gje nærare omtale av transport av avfall til og frå anlegget (einingar, storleik på einingar, frekvens, tid på døgn/veke, ev. miljøeffektar av transport, m.m.)

For levering av hageavfall, for innbyggjarane i Vik

Utslepp til luft, vatn og grunn

Utslepp til vatn

Fyll inn tabellen under, sjå forklaring til tabell under:

Kjelde	Utslepp av årleg mengde i kubikkmeter	Utslepp via/til ¹	Planlagt type reinsing	Vassdrag/sjø det blir søkt utslepp til	Er det gjort analyse av utsleppet? ²	Utslepps-grense det blir søkt om ³
Prosessvatn ⁴						
Avløpsvatn ⁵						
Forureina overvatn ⁶	x					
Reint overvatn						
Spyle- og vaskevatn						
Oljehaldig avløpsvatn						
Kjølevatn						
Kloakk større enn 50PE						
Anna, spesifiser						



¹ via eigen leidning, privat felleisleidning, kommunal avløpsleidning, kommunal overvassleidning, infiltrasjon i grunn eller tett tank

² Dersom det blir søkt om utseppsgrense for nokre parametarar, legg ved vedlegg med informasjon om maksimal konsentrasjon det er søkt om. Sjå punkt 17

³ Dersom det er gjort analyse, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17

⁴ Vatn som oppstår ved behandling av avfall som t.d. overskotsvatn frå kompostering

⁵ Utslepp under 50 PE skal søkjast om til kommunen, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 12](#)

⁶Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde skal reknast som forureina avløpsvatn

Omtal kva utslepp til vatn inneheld og særleg om det inneheld helse- og miljøfarlege stoff

Avrenning frå grønkompst området er berekna oppsamla i 2 grøfter som går til oppsamlingstank, på sjølve området. Inntegna på Simas-plan

Omtal effekt av utslepp av vatn på vassdrag/sjø/grunn

På nedsida - langs elva Vikja er det etablert grøft som går til eige basseng. Dette rensebassenget samlar opp overflatevatnet frå området, som går vidare til kum. Før det renn ut i Vikja. Det vil bli planlagt, for utslepp av reint vatn til Vikja – frå dette rensebassenget.

Lukt

Er det venta at verksemda vil føre til lukt for naboar? Nei

Viss ja. Omtal kjelde til lukt og planlagde tiltak for å redusere lukt

Tidlegare deponi i Vik låg nærare naboar enn dette som no er planlagt.

Omtal venta tal på lukthendingar per månad

Området rundt er regulert til landbruk, og det er forventet meir plager med lukt frå den drifta.

Sjå [Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven, TA 3019/2013](#) for meir informasjon om lukt.

Støv

Er det venta at verksemda kan føre til støv for naboar? Nei



Viss ja. Omtal kjelde til støv og planlagde tiltak for å redusere støv

Grønkompostanlegget skal ikkje medføra støvplager for næraste nabo.

Andre utslepp til luft

Vil verksemda ha andre utslepp til luft? Nei

Viss ja. Omtal kjelde til utsleppet og planlagde tiltak for å redusere utsleppet

Komposteringa av massar vil ha eit begrensa luktutslepp på sjølve området.



Støy

Er det venta at støy frå verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved næraste nabo vil overskride støygrenser i tabell under?

Nei Viss ja, legg ved støyutgreiing. Sjå punkt 17.

Kvardagar Knusing av massar i enkelte periodar.	Laurdagar	Sun- og heilagdagar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld. Levening er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.

Lnight er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

LAFmax er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støyutgreiinga må gjerast av konsulent med akustisk kompetanse og utrekningsverktøy for denne type utgreingar. Dersom støygrensene vert overskride, må utgreiinga vise forslag til avbøtande tiltak for å redusere støynivået (skjerming, anna plassering, mindre støyande utstyr, anna driftstid mv.) og rekne ut støynivået etter at desse eventuelle avbøtande tiltaka er gjennomført.

Miljøtilstanden i området der verksemda ligg

Vatn

Kort omtale av resipienten

Sjå vedlagt reguleringsplan.

Er det gjort resipientundersøking? Ja Nei Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Er det gjort straumundersøking? Ja Nei Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.



Naturmangfald

Omtal naturmangfald som kan bli påverka av aktiviteten det er søkt om

Sjå reguleringsplan

Forureina grunn

Er det grunn til å tru at det kan vere forureina grunn under eller nær anlegget? Nei
Viss ja, omtal nærare

IED-verksemder har krav om tilstandsrapport som skal leggst ved søknaden. Sjå punkt 17.

Oversikt over interesser som aktiviteten kan få følgjer for

Omtal kjente interesser og aktivitetar i området. Dette punktet blir elles ivaretatt under høyring.

Landbruksdrifta, då her er felles tilkomstveg.

Masselagring for entrepenørar og Vik Kommune blir og på same området.

Førebygging og tiltak for å avgrense avfall frå drifta

Omtal kva verksemda gjer for å førebygge og kva tiltak verksemda gjer for å avgrense avfall og auke gjenvinning av avfall frå drifta

Planlagt handtering av grøntavfall-hagekompostering. For levering og salg av matjord. Det skal ikkje vera nødvendig med levering av avfall frå denne aktiviteten.



Teknikkar som kan førebygge og avgrense forureining

Omtal kva for teknikkar verksemda brukar for å førebygge og avgrense forureining

Oppsamling av overflatevatn og avrenning frå området, vil bli ivaretatt. Før utslepp til Vikja.

IED-verksemder må dokumentere bruk av de beste tilgjengelege teknikkar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2. Det er venta at BREF som dokumenterer beste tilgjengelege teknikk er venta å komme i 2018. Legg ved dersom aktuelt. Sjå punkt 17.

Program for utsleppskontroll til ytre miljø (måleprogram)

Legg ved forslag til program. Sjå punkt 17.



Vedtak eller uttaler frå offentlege organ

Opplys om eventuelle vedtak eller uttaler frå offentlege organ som har fått saka til ettersyn

Reguleringsplanen til området har våre ute på høyring, det er innkomne merknader før den vart vedteken. Omtala i reguleringsplan.

Konsekvensutgreiing

Er det gjort risikovurdering av hendingar/aktivitetar som kan føre til forureining?

Ja Viss ja, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Er det gjort konsekvensutgreiing? --Sjå plan frå Simas

Ja Nei Viss ja, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Anna

Andre fordelar og ulemper ved tiltaket



Vedlegg

Nedanfor i tabellen er det lista opp aktuelle vedlegg:

Alle verksemder

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
2.1	Oversiktskart som viser lokalisering av anlegget, avstand til næraste nabo, bekk/elv og utsleppspunkt	x
4.1 og 5	Oversikt over avfallstypar og korleis dei skal handterast. Bruk «Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg» som de finn på Fylkesmannen si nettside	
4.1	Detaljkart som viser avgrensing av området, kvar på området dei ulike avfallstypene skal handterast og lagrast, type dekke, overvassleidningar, avløpsleidningar og eventuelle reinseanlegg	x

IED-verksemder

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
9.3	<i>IED-verksemder: Tilstandsrapport for forureina grunn</i>	

Moglege andre relevante vedlegg, t.d.

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
8.1	Eventuelle utsleppsgrenser det blir søkt om og analysar av utslepp til vatn	
8.4	Eventuell støyutgreiing	
9.1	Eventuelle resipientundersøkingar og straumundersøkingar som er utført	
13	Forslag til program for utsleppskontroll (måleprogram)	
15	Eventuell risikovurdering og konsekvensutgreiing	
	Anna vedlegg.....	
	Anne vedlegg.....	
	Anna vedlegg.....	



--	--	--

Type avfall	Maksimal årleg mottaksmengde i tonn	Maksimal lagringsmengde i tonn	Maksimal lagringstid (veker/månader)	Aktivitet *
Blanda næringsavfall				
Blanda hushaldsavfall				
Emballert restavfall (i ballar)				
Bioavfall og slam				
Kjøkken- og matavfall fra stor- og småhushald				
Animalske biprodukter				
Slam, organisk				
Park- og hageavfall	500 m3			
Trevirke	oppkverna masse			
Flis, spon og bark				
Farleg avfall				
Stykkgoods				
Tank > 2 m3				
Tank > 10 m3 (petroleumumsprodukt)				
Anna, spesifiser i merknadsfelt				
EE-avfall				
Alle typar EE-avfall				
Særskilte produktgrupper. Oppgi produktgrupper etter avfallsforskrifta § 1-1a i merknadsfelt				
Masser og uorganisk materiale				
Forureina jord				
Jord forureina med framande artar				
Rein betong, tegl og takstein				
Forurenset betong, tegl og takstein				
Gips				

Keramikk og porselen				
Asfalt				
Slagg, støv, bunnaske, flygeaske				
Slam, uorganisk				
Koste- og sandfangsmassar				
Anna, spesifiser i merknadsfelt				
Transportmiddel				
Kasserte køyretøy				
Kasserte fritidsbåtar under 15 m				
Kasserte fritidsbåtar over 15 m				
Anna, spesifiser i merknadsfelt				
Plast	Landbruksplast			
Papir, papp og kartong				
Gummi				
Glas				
Tekstil, skinn, møbel og inventar				
Metall				
Smittefarleg avfall				
Stikkande og skjerande frå legekontor, tannlegekontor, sjukeheimar o.l.				
Avfall frå sjukehus. Spesifiser				
Anna, spesifiser i merknadsfelt				
Avfall frå drifta****				
Strukturmateriale				
Andre avfallstypar ikkje nemnt over, spesifiser				
Total omsøkt avfallsmengde	0	0		

* Omtal korleis dei ulike avfallstypene skal handterast. Til dømes behandling, sortering, lagring, miljøsanering, pressing, kverning, knusing, settling, omlasting, deponering

** Omtal type dekke for dei ulike avfallstypene og aktivitetane. Til dømes asfalt, betong, grus

*** Omtal type skjerming for dei ulike avfallstypene og aktivitetane. Til dømes innandørs, under tak, utandørs, i tett konteinare, lufttette konteinare, tank. For utandørs lag

**** Oppgi avfall frå drifta som skal lagrast på anlegget. Til dømes sikterest

ring, fragmentering, kompostering, avvatning, balling

ring av avfall oppgje maksimal lagringshøgde

Avfallstyper
Norsk Standard NS 9431:2011

1100	Bioavfall og slam
1111	Kjøkken- og matavfall fra stor- og småhusholdninger
1127	Animalske biprodukter (abp)
1127	Animalske biprodukter (abp)
1127	Animalske biprodukter (abp)
1127	Animalske biprodukter (abp)
1127	Animalske biprodukter (abp)
1126	Slam, organisk
1131	Park- og hageavfall
1141	Rent trevirke
1142	Behandlet trevirke
1143	Flis, spon og bark
1149	Blandet bearbeidet trevirke
1127	Animalske biprodukter (abp)
1200	Papir, papp og kartong
1211	Avis- og magasinpapir
1221	Brunt papir
1231	Emballasjekartong
1241	Drikkekartong
1251	Kontorpapir
1299	Blandet papir, papp og kartong
1299	Blandet papir, papp og kartong
1299	Blandet papir, papp og kartong
1300	Glass
1311	Klar glassemballasje
1312	Blandet glassemballasje
1321	Klar glassemball. m/metall
1322	Blandet glassemballasje med metall
1331	Vindusglass, ikke laminert
1341	Laminert glass
1351	Pryd- og bruksglass
1399	Blandet glass
1400	Metall
1411	Metallemballasje
2411	Kjøretøy med retursystem
1451	Rent umagnetisk metall
1452	Blandede metaller
1499	Blandede metaller med andre materialer
1500	EE-avfall
1501	Salgsautomater
1502	Store husholdningsapparater
1503	Små husholdningsapparater
1504	Kabler og ledninger
1505	Databehandlings-, telekommunikasjons- og kontorutstyr
1506	Leker, fritids- og sportsutstyr
1507	Fastmontert utstyr for oppvarming, aricondition og ventilasjon
1508	Belysningsutstyr
1509	Medisinsk utstyr
1510	Overvåknings- og kontrollinstrumenter

1505	Databehandlings-, telekommunikasjons- og kontorutstyr
1512	Elektrisk og elektronisk verktøy
1505	Databehandlings-, telekommunikasjons- og kontorutstyr
1599	Blandet EE-avfall
1503	Små husholdningsapparater
2311	Batterier
1510	Overvåknings- og kontrollinstrumenter
1518	Elektroteknisk utstyr
1599	Blandet EE-avfall
1600	Masser og uorganisk materiale
1601	Rene masser
1601	Rene masser
1611	Betong uten armeringsjern
1612	Betong med armeringsjern
1613	Tegl og takstein
1614	Forurenset betong og tegl
1615	Gips
7250	Asbest
1617	Mineralull
1618	Keramikk og porselen
1619	Asfalt
1671	Slagg, støv, bunnaske, flygeaske
1681	Slam, uorganisk
1699	Blandet uorganisk materiale
1700	Plast
1711	Folieplast, emballasje
1712	Folieplast, annen
1721	Hardplast, emballasje
1722	Hardplast, annen
1731	Ekspandert og ekstrudert plast, emballasje
1732	Ekspandert og ekstrudert plast, annen
1799	Blandet plast, blandede fraksjoner (ikke emballasje)
1800	Gummi
1811	Personbildekk
1812	Traktor og lastebildekk
1813	Anleggsdekk
1814	Andre dekk
1899	Blandet gummiavfall
1900	Tekstil, skinn, møbler og inventar
1911	Tekstiler, lær og skinn
1912	Møbler og inventar
2200	Kjemikalier
2400	Transportmidler
3000	Radioaktivt avfall
6000	Medisinsk avfall
7000	Farlig avfall
9911/9912	Blandet husholdningsavfall/ Blandet næringsavfall
1411	Metallemballasje

1322	Blandet glassembalasje med metall
1721	Hardplast, embalasje
1231	Embalasjekartong
9911/9912	Blandet husholdningsavfall/ Blandet næringsavfall

VIK KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER FOR HESJASLETTET

Dato for siste revisjon av plankart : 13.05.2016

Plan: DETALJREGULERINGSPLAN FOR HESJASLETTET	Planid: 1417 14172014004
	Arkiv nr.:
Utarbeidd av: Asplan Viak AS	
Vedtak/Stadfesting: Kommunestyret 15.09.16, sak 072/16	Dato org. føresegner: 18.05.16
	Siste revisjon:
Avskrift	Sign.:

Føresegnene gjeld for det regulerte området som er vist på plankartet - teikning nr. 536087-001, dagsett 13.05.2016.

Området vert regulert til følgjande, jf. §§12-5,-6 og 7 i plan- og bygningslova:

Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

- Massedeponi

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5, nr. 2)

- Køyreveg
- Annan veggrunn- tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Parkering

Grønstruktur (§12-5, nr. 3)

- Vegetasjonsskjerm

Landbruks- natur og friluftsområde (§12-5, nr. 5)

- Landbruk
- Natur- og friluftsføremål

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§12-5, nr. 6)

- Naturområde i vassdrag

Omsynssoner (§ 12-6, jf.§11-8)

- Sikringsone, a.1) Frisikt
- Faresoner, a.3) Ras- og skredfare, flaumfare, høgspenkablar
- Særlege omsyn, c) Grønstruktur, bevaring naturmiljø

Føresegnområde (§ 12-7)

- Anleggs- og riggområde
- Automatisk freda kulturminne som vert søkt frigjeve

1. FELLES FØRESEGNER

1.1 Hovudtrekk i arealbruken

Det skal som første trinn (mellombels bruk) etablerast deponi for overskotsmassar frå anleggsverksemd. Det skal også etablerast vegtilknytning.

Når massedeponiet er avslutta, skal området takast permanent i bruk til andre føremål.

1.2 Terrengtilpassing

Terrenginngrep skal gjennomførast på ein mest mogeleg varsam måte. Fyllingar og skjeringar skal dekkast med jord og plantast med stadeigen vegetasjon. Nye skrånningar, skal ikkje vera brattare enn 1:1,5

Murar skal utførast med naturstein og ha ei god utforming – tilpassa eit naturleg uttrykk.

Eksisterande vegetasjon, spesielt kantvegetasjon langs vassdrag, skal takast vare på i størst mogleg grad. Det skal gjerast minst mogleg inngrep i strandområde/vatn.

1.3 Overflatevatn, ureining

Overflatevatn skal ikkje leiast mot elva utan at det er reinsa. Tiltak som kan påverka vasskvaliteten i elva må gjerast på ei tid av året då fisken er mindre sårbar.

Før anleggsarbeida vert starta, skal det liggja føre plan for anlegg som skal ivareta samling, reinsing og bortføring av overflatevatn – både i oppbyggingsfasen for deponiet og seinare ved opparbeiding for og drift av dei permanente funksjonane.

Anlegga kan plasserast i heile planområdet etter kva løysing som er tenleg.

Det skal utarbeidast driftsplan for ettersyn og vedlikehald av anlegga, inkl. overvakingsprogram for elva og utsleppspunkta. Grenseverdier for ureining må setjast så lågt at det ikkje har effekt på livet i elva.

1.4 Rekkjefølgjekrav

Permanent bruk kan ikkje ta til før mellombels bruk av området til deponering av overskotsmassar er avslutta. Det skal lagast plan for tilbakeføring/opprydding ved avslutting av den mellombels bruken.

Køyreveg til regulert deponi skal vera ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve for den permanente bruken av området

1.5 Tilgjenge og universell utforming

Utrykkingskøyrety skal ha tilfredstillande tilkomst.

Ved detaljplanlegging skal prinsippa om universell utforming leggjast til grunn så langt som råd. Mellomlagringsplass for organisk avfall skal vera tilrettelagd for alle aktuelle brukarar.

2. BEBYGGELSE OG ANLEGG, MASSEDEPONI– BSM1

(Plan og bygningslova § 12- 5 nr. 1)

2.1 Bruk av området

A. Området skal, i slik rekkjefølgje, nyttast til:

1. Deponering av overskotsmassar frå anleggsverksemd – oppbygt på ein slik måte at ein legg til rette for bruken i pkt. 2. Det kan i denne perioden også mellomagrast og knusast steinmassar. Jorda i området skal, før deponering vert sett i gang, fjernast og takast vare på annan stad – for gjenbruk i landbruksområde.

2. Permanent bruk som lagerområde/depot for entreprenørverksemder (t.d. mellomlagring av jordmassar og steinmassar) og mellomlagring/handsaming av grønavfall. Knusing av steinmassar er, av omsyn til elva, ikkje tillate.

Det skal i nordre del setjast av eit areal på ca. 3,5 daa til ålmenn bruk – som grønt-kompostplass for mellomlagring og handsaming av grøntavfall

B. Bygningar mm. i området

Det kan, etter eigen søknad, plasserast mindre bygningar og installasjonar som trengst av omsyn til drifta. Det kan og etablerast trafoanlegg.

C. Vegløysingar

Snuplass for offentleg veg SKV1 kan plasserast inne på område BSM1.

Gjennom området skal det opparbeidast veg – til felles bruk – som intern veg i området og tilkomstveg til område L1 og til areala ~~lenger sør m.m~~ elles langs elva - i samsvar med vegrettar. Det skal – i nærleiken av grøntavfallsplassen vera snuplass – dimensjonert for lastebil.

D. Omsynssone grønstruktur, jf. 7.3.1

Langs vestgrensa til området er det avsett omsynssone grønstruktur, det skal der etablerast vegetasjon som del av det naturlege vegetasjonsbeltet langs elva. Sona skal omfatta

området mellom regulert natur/friluftsområde og skråningstoppen – og i tillegg 2 meter frå skråningstoppen og inn på ferdigplanert område.

Breidda på sona skal justerast som følgje av planeringshøgda.

I sona kan det etablerast tiltak for samling/reinsing/bortføring av overflatevatn.

Sona skal verka som innsynsskjerm/landskapselement mellom depotet og bygda elles og som buffer mot elva m.a. med tanke på vassreinsing.

E. Faresoner ras/skred, flaum og høgspenkablar, jf. 7.2

Deler av området er omfatta av faresoner med spesielle krav til tiltak og drift.

2.2 Samla situasjonsplan for heile BSM1

Ved søknad om tiltak skal det leggjast ved samla situasjonsplan som syner planløyising og utforming av areal for heile BSM1.

Planen skal syna vegløyising, avgrensing av tomt for grøntkompostplass og ev. anna inndeling av lager/depotområda – i samsvar med reglane elles i denne planen. Det skal og kartfestast areal og grøfte/leidningstrasear mm. til anlegg for handsaming av overvatn, jf. punkt 1.3 over.

Dei flate områda for veg og lager/deponi skal leggjast til rette med fall for å bidra til å leia bort overflatevatn på ein måte som motverkar ureining av elva. Resulterende fall skal ikkje vera brattare enn 4% (1:25). Høgaste punkt på fyllinga skal vera maks. kt. 104.

Områda skal, ved sikringsgjerde/rekkverk, i naudsynt grad sikrast mot fall/utforkøyringsulukker.

2.3 Driftsplan

Før tiltak vert sett i gang, skal det liggja føre godkjend driftsplan der m.a. krava i denne reguleringsplanen er ivaretekne. Naudsynte avbøtande tiltak for å hindra ureining skal innarbeidast, jf. punkt 1.3 over.

Driftsplan skal godkjennast av Vik kommune.

2.4 Støy

Støyande drift i området – inklusive opplasting kan berre skje på virkedagar (måndag – laurdag) i perioden 06.30 – 22.00.

Det er den som driv verksemda som til ei kvar tid er ansvarleg for at støygrensa ikkje vert overskriden. Eventuelle støyskjermingstiltak skal samsvare med grensene i Miljøvern-departementets rettleiar: M- 128- 2014 (*Veileder til retningslnje for bahandling av støy i arealplanleggingen*).

3. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Plan og bygningslova § 12- 5 nr. 2)

3.1 Køyrevegar SKV 1 og 2

Dette er vegbana inkludert vegskulder. Vegane skal vere offentlege. Kryss og avkøyrslar skal utformast trafikktrygt med omsyn til fotgjengarar (turgåarar) og anna trafikk.

Trase for SKV1 (tilkomstvegen) kan, viss det gjev ei betre løysing, justerast noko inn i område som er regulert til anna vegføremål - teknisk/grøntareal. SKV1 skal sikrast med køyresterkt rekkverk og skal avsluttast med snuplass, dimensjonert for lastebil. Snuplass kan plasserast inne på område BSM1.

Det er ikkje høve til å opparbeida andre avkøyrslar/kryss med SKV2 (fylkesvegen) enn dei som går fram av plankartet.

3.2 Anna veggrunn, teknisk

Trase for SKV1 kan justerast slik at han kjem inn på dette området. Området skal nyttast til grøft, skjering/fylling/murar og andre tekniske inngrep. Terrenginngrepa skal utførast slik at minst moglege skade vert gjort på sideareala. Opparbeiding av sideareal skal fullførast samstundes med resten av veganlegget.

Steinfyllinga vest for tilkomstvegen SKV1 skal leggast til rette slik at det kan bli etablert vegetasjon. I denne fyllinga skal det – frå profil 125 og sørover, etablerast ein veg med fall maks 10% (1:10) og sikring med køyresterkt rekkverk. Vegen skal nyttast som mellombels køyretilkomst (landbrukstilkomst) til driftsvegen langs elva og skal, når felles veg gjennom BSM1 er etablert, gå over til bruk som turveg.

3.3 Annan veggrunn, grøntareal

Trase for SKV1 (med føremåla køyreveg og annan veggrunn – tekniske anlegg) kan justerast slik at vegen kjem inn på dette området.

Eventuell hogst i området skal ta omsyn slik at det vert ståande att nok vegetasjon til å verka som innsynsskjerm/landskapselement. Om naudsynt må det etablerast ny vegetasjon. Opparbeiding/tilstelling skal gjennomførast samstundes med resten av veganlegget.

3.4 Parkering SPA

Området skal nyttast til offentlig plass for oppstilling av bilar.

4 GRØNSTRUKTUR (Plan og bygningslova § 12-5, nr. 3)

VEGETASJONSSKJERM – GV1

Eventuell hogst skal ta omsyn slik at det vert ståande att nok vegetasjon til å verka som innsynsskjerm/landskapselement mellom depotet og bygda elles. Om naudsynt må det etablerast ny vegetasjon.

5 LANDBRUKS- NATUR OG FRILUFTSFORMÅL (§12-5.5)

5.1 Landbruk - L1

Området skal nyttast til landbruksdrift etter at den delen som er regulert til anleggs- og riggområde (jf. 8.1 nedom) er oppfylt og tilført jord for oppdyrking. Det dyrka arealet skal planerast med fall mot vest maks 1:7. Det skal byggjast ein landbruksveg (stigning maks 1:7) mellom ovannemnde felles veg i BSM1 og eksisterande driftsveg langs elva.

Oppfylling/planering skal ikkje koma i konflikt med eksisterande driftsveg (langs elva), som skal nyttast som i dag. Det skal setjast av rom til grøft mellom denne vegen og oppfylt/dyrka område.

Området nærast elva, inkludert eksisterande veg, er regulert også til omsynssone for bevaring av naturmiljø (jf.7.3.2)

5.2 Natur og friluftformål - LAA1

Det skal takast vare på landskapet og vegetasjonen. I området kan det opparbeidast og/eller vedlikehaldast turveg. Turveg skal så langt råd fylgja eksisterande vegfar. Ei sone på 10 meter langs elva er regulert også til omsynssone for bevaring av naturmiljø (sjå nedom, pkt. 7.3.2)

6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (Plan og bygningslova § 12-5, nr. 6)

Naturområde i vassdrag - V1, V2 og V3

Dette er sjøve elvestrengen med næraste strandområde. Området er regulert også til omsynssone for bevaring av naturmiljø (sjå nedom). Områda skal takast vare på i mest mogleg naturleg tilstand.

Det er ikkje høve til tiltak ut over tilrettelegging for fisken og mindre inngrep for å føra reinsa overflate/grunn-vatn ut i elva – og eventuelt for omlegging av høgspentlina.

Av omsyn til fisken bør ein unngå arbeid i elva i perioden oktober – juni.

7. OMSYNSSONER (Plan og bygningslova §§ 11-8, jf.12-5 nr.6)

7.1 Sikringsone- frisikt, H140 (§ 11-8 a.1)

I frisiktzone ved veg skal avkøyrslar ha ei sikt på 0.5 meter over plan på tilgrensande veg.

7.2 Faresoner (§ 11-8 a.3)

7.2.1 Ras- og skredfare, H310

Det skal takast omsyn til skredfaren ved opparbeiding av veganlegg og ved tiltak elles.

7.2.2 Flaumfare, H320

Innafor omsynssone for flaumfare skal nyetablert skråning i område BSM1 forsterkast spesielt ved steinsetjing opp til farehøgda.

7.2.3 Høgspenkablar, H370

Dette er sikkerheitssone langs eksisterande høgspentrase. Høgspentlina må leggjast om eller leggjast i jordkabel på den strekninga sikkerheitssona kjem i konflikt med tiltak (oppfylling mm.) i område for massedepot (BSM1).

7.3 Sone med særlege omsyn (§ 11-8 c3)

7.3.1 Grønstruktur, H540

Det skal etablerast vegetasjon som del av det naturlege vegetasjonsbeltet langs elva, jf. nærare omtale i pkt. 2.1-D, over.

7.3.2 Bevaring naturmiljø, H560

Det skal takast vare på eksisterande terreng og vegetasjon i størst mogleg grad. Delar av turvegen, jf. 5.2 (LAA1), kan liggja i området.

8 FØRESEGNOMRÅDE (Plan og bygningslova § 12-7)

8.1 Anleggs- og riggområde, #1

Utfyllingsområde med seinare permanent bruk som landbruk.

Når massedponering er avslutta, skal området dyrkast og leggjast til rette for landbruksdrift.

8.2 Anleggs- og riggområde, #2

(eit belte på min. 5 meter i nedkant av fyllingane)

Området kan nyttast som tilkomst og mindre mellombels tiltak i anleggsperioden for veg og permanent massedeponi.

Når anlegga er ferdigbygde, skal områda nyttast som natur/friluftsområde.

8.3 Automatisk freda kulturminne som blir søkt frigjeve frå fredinga, #3

Automatisk freda kulturminnelokalitet, kulturminne-ID 215516 blir direkte råka av tiltak og blir søkt frigjeve frå fredinga utan vidare arkeologiske undersøkingar.

HAGE--/PARKAVFALLSPASS I VIK KOMMUNE

Forslag på løysing og bruk av areal

Simas har fått i oppgåve å bistå Vik kommune i etablering av ny plass for mottak og handtering av hageavfall i Vik kommune. Estimert mengde pr. år er ca. 500m³ kverna masse.

SIMAS har fått tilsendt kartgrunnlag over areal som er satt av til denne aktiviteten, og kan nytte dette som eit utgangspunkt på korleis ein kan opparbeide området for håndtering av hage/parkavfall og ein god mottakskontroll.

Det er gjennomført 2 stk. workshop i arbeidsgruppe frå SIMAS.

Det blir lagt opp til ei linje for kompostering av denne fraksjonen på areal.

SIMAS skal bistå kommunen i ein evt. søknadsprosess og kartlegging av krav som blir stilt i denne prosess med kompostering av hage/park. Spesielle hensyn til elv som ligg like ved areal må ivaretas. Dagny har vore i dialog med Statsforvaltaren, og formidla i mail/telefonsamtale med Turid Brekke kva som bør gjerast. Det kan vere at tiltaket med hagekompost ikkje treng utsleppsløyve, men det bør sendast inn søknad til vurdering. Søknadsskjema som kan nyttast ligg her: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/miljo-og-klima/avfall-og-gjenvinning/Soknadsskjema-for-avfallsanlegg/>

Punkt som må vera med i den vidare planlegging for areal:

- Fordeling av areal til ulike deler av prosess
 - Jordtorg med tak
 - Mottak
 - Arbeidssoner
 - Vaskeplass
 - Ranke
 - Modningslager
- Må sjekke kva krav ein må ta hensyn til – Statsforvalteren/Mattilsynet (Dagny)
 - Hindre at overvatn renn gjennom komposteringsplass (god grøfting rundt arealet)
 - Evt slamavskiller før vatn renn til elv

- Mattilsynet krev registrering
https://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/gjodsel_jord_og_dyrkingsmedier/organisk_gjodsel_jordforbedringsmidler_og_dyrkningsmedier/kompost_av_hage_og_parkavfall_skal_registreres_hos_mattilsynet.27854
- Tilgang til vatn (vask, vatning og brann)
- Gjerde rundt området, vurdere om denne skal stå på mur på strategiske plassar med tanke avrenning/lasting m.m.
- Bruk av modulstein i betong ved opparbeiding av bingar og skilje inne på området. Er då mobilt, og kan «ommøblera» området etter behov.
- Vaskeplass til utstyr
- Belysning av området
- Digital adgangskontroll (tråd med resten av den digitale delen i SIMAS) Kamera med skiltidentifikasjon eller QR-kode i samband med SIMAS app som skal nyttast som adgangskontroll på sine miljøstasjonar.
- Overvåkning temperatur ranke
- Slamutskiljar (opne grøfter rundt området for oppsamling)

Vonar dette kan vera til hjelp i jobben vidare med opparbeiding av området for hage-/parkavfall i Vik kommune.

Kom gjerne med spørsmål og innspel på forslag. Ta kontakt om det er noko som er uklart.


Helsing arbeidsgruppe i SIMAS IKS

Kenneth Teigen

Gunnar Onarheim Barsnes


Dagny Ålvik

Geir Øygard



Risiko- og sårbarhetsanalyse

HESJASLETTET



Vik kommune

Reguleringsplan Hesjaslettet- Plan ID: 14172014004

Utgåve: 2
Dato: 2016-09-22

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar:	Vik kommune
Rapportnamn:	Reguleringsplan Hesjaslettet- Plan ID: 14172014004
Utgåve/dato:	1 / 2016-09-22
Arkivreferanse:	-
Oppdrag:	536087 – Reguleringsplan Hesjaslettet
Oppdragsskilddring:	Reguleringsplan for masselager, massedepot, grønkompost
Oppdragsleiar:	Nils Husabø
Fag:	Plan og urbanisme
Tema	Reguleringsplan
Leveranse:	
Skriven av:	Diana Ekren Grundt, Nils Husabø
Kvalitetskontroll:	Nils Husabø
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

Asplan Viak er engasjert av Vik kommune for å utarbeida detaljreguleringsplan for Hesjaslettet, planId: 14172014004. Denne ROS- (risiko- og sårbarheits-) analysen er ein del av planarbeidet.

Diana Ekren Grundt og Nils Husabø har vore ansvarlege for arbeidet med ROS-analysen.

Asplan Viak Leikanger, 18.mai 2016

Nils Husabø

Planvedtak

Plan for Hesjaslettet vart vedteken av kommunestyret 15.09.2016, sak 072/16. Vedtaket omfatta endring av ROS-analysen, noko som er innarbeidd i denne utgåva.

Asplan Viak Leikanger, 22. september 2016

Nils Husabø

1 INNLEIING

Planen for Hesjaslettet skal leggja til rette for at området kan nyttast til permanent deponi for overskotsmassar frå eit veganlegg. Når massedeponering er fullført, skal det oppfylte området nyttast til areal for grønkompst, til depot for anleggsverksemd og til dyrka landbruksareal.

I planområdet skal det elles takast vare på landskaps-verdiar, leggjast til rette for tur-aktivitet og gjennomførast tiltak for å hindra ureining av elva Vikja (nasjonalt laksevasdrag).

Jamfør plan og bygningslova § 4-3 skal det gjennomførast risiko- og sårbaranalyse når planar for utbygging vert utarbeidd, og nye areal skal takast i bruk for bygging. Hensikt med analysen er å førebyggja risiko for sårbarheit for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar, og analysen skal vise alle risiko og sårbarheitsforhold som har verknad for om arealet er eigna for føremålet, samt eventuelle endringa i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Denne analysen skal ivareta dette kravet.

For nærare detaljar om planområdet, bakgrunn for planarbeidet og planlagt arealbruk, vert vist til reguleringsplan med omtale/føresegner.

2 METODE

Asplan Viak Leikanger har gjennomført analysen – i samråd med oppdragsgjevar Vik kommune.

Arbeidet byggjer på oppdatert kunnskap (tilgjengeleg informasjon som t.d. miljøstatus.no, NVE skredkartlegging og flaumkartlegging) og på kommunale planar som arealdelen av kommuneplanen.

Som del av reguleringsarbeidet er det no gjort nærare undersøkingar av skredfare og flaumfare i planområdet, og det er også gjennomført eigne undersøkingar når det gjeld geoteknikk, vegetasjon, kulturminne og miljøkonsekvensar. I kapittel 5 er det eit oversyn over kjelder – m.a. utførde undersøkingar.

Det er teke høgde for klimaendringar for tema der dette er relevant.

Analysen er utarbeidd ved hjelp av brutto sjekklister/-analysekjema. Tilhøve som er med i sjekklister, men ikkje er aktuelle i planområdet eller i planen, er kvitterte ut i kolonnen "Aktuelt?", og berre unntaksvis kommenterte (sjå vedlegget).

Moglege uynskte hendingar er i sjekklister sorterte i:

- Hendingar som kan påverka planområdet sin funksjon, utforming mm
- Hendingar som direkte kan påverka omgjevnadane (h.v. konsekvensar for og konsekvensar av planen).

Vurdering av sannsyn for uynskt hending er delt i:

- Svært sannsynleg (4) – kan skje regelmessig; forholdet er kontinuerleg til stades
- Sannsynleg (3) – kan skje av og til; periodisk hending (årleg)
- Mindre sannsynleg (2) – kan skje (ikkje usannsynleg)
- Lite sannsynleg (1) – det er en teoretisk sjanse for hendinga; skjer sjeldnare enn kvart 100. år

Kriteria for å vurdere **konsekvensar** av uynskte hendingar:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning mm
1. Ubetydeleg	Ingen alvorleg skade	Ingen alvorleg skade	Systembrot er uvesentlig
2. Mindre alvorleg	Få/små skadar	Ikkje varig skade	Systembrot kan føra til skade dersom reservesystem ikkje finst
3. Alvorleg	Behandlingskrevjande skader	Midlertidig/behandlingskrevjande skade	System vert sett ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom
4. Svært alvorleg	Personskade som medfører død eller varig mein; mange skadd	Langvarig miljøskade	System vert sett varig ut av drift; uopprettelig skade på eigedom

Karakteristikk av risiko som funksjon av sannsyn og konsekvens er gjeve nedanfor:

Matrise for risikovurdering

Konsekvens:	1. Ubetydelig	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
Sannsyn:				
4. Svært sannsynlig				
3. Sannsynlig				
2. Mindre sannsynlig				
1. Lite sannsynlig				

- Hendingar i raude felt: Tiltak naudsynt med ein gong
- Hendingar i oransje felt: Tiltak naudsynt.
- Hendingar i gule felt: Tiltak vert vurdert ut frå kostnad i høve til nytte.
- Hendingar i grøne felt: Rimelege tiltak vert gjennomførde.
- Tiltak som reduserer sannsyn vert vurdert først. Dersom dette ikkje gjev effekt eller er mogeleg, vert det vurdert tiltak som avgrensar konsekvensane.

3 AVDEKKING AV UYNSKTE HENDINGAR OG RISIKO

Brutto sjekklister/analysekjema

Tenkjelege hendingar er nedanfor vurderte med tanke på om dei er aktuelle – eventuelt er det tilknytt ein kort kommentar.

Risiko er, der det er aktuelt, fastsett ut frå ein situasjon utan avbøtande tiltak.

Hendingar/Situasjon	Aktuelt?	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar
Naturrisiko					
<i>Er området utsatt for, eller kan planen/ tiltaket medføre risiko for:</i>					
1. Steinskred; steinsprang	Nei				Ikkje aktuelt – jf. skredfarevurdering, Asplan Viak
2. Snø-/isras	Nei				Ikkje aktuelt – jf. skredfarevurdering, Asplan Viak
3. Lausmasseskred	Ja	2	3		jord- og flaumskred – jf. vurdering, Asplan Viak
4. Sørpeskred	Ja	2	3		jord- og flaumskred – jf. vurdering, Asplan Viak
5. Elveflaum	Ja	1	3		Flaumvurdering Asplan Viak
6. Tidevassflaum, stormflo	Nei				
7. Radongass	Nei				Ikkje relevant ut frå aktuell bruk
8. Vindutsett	Nei				
9. Nedbørutsett	Nei				Vanleg «vestlandsklima». Det er teke omsyn til klimafaktor i flaum-og skredvurdering og som krav ved dimensjonering av overvassanlegg
10. Naturlege terrengformasjoner som utgjør spesiell fare	Ja	2	2		Bratt ned mot elva fleire stader
11. Anna naturrisiko	Nei				
Naturområde og kulturmiljø mm					
<i>Medfører planen/tiltaket fare for skade på:</i>					
12. Sårbar flora	Ja	4	1		m.a. raudlisteartar
13. Sårbar fauna/fisk	Ja	4	3		Vikja som laksevassdrag – oppvekstområde ved Hesjaslettet
14. Naturvernområde	Nei				
15. Vassdragsområde	Ja				Vikja – sjå pkt.13
16. Automatisk freda kulturminner	Ja	4	1		Eitt registrert fornminne vert råka,
17. Kulturlandskap, kulturmiljø	Ja	4	2		Kulturlandskap vert delvis nedbygt
18. Landbruksområde	Ja	4	2		Ca. 14 daa dyrka jord vert nedbygd, avgrensa tilkomst i anleggsperioden

Hendingar/Situasjon	Aktuelt?	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar
19. Andre sårbare område	Nei				
Teknisk og sosial infrastruktur					
<i>Kan planen/tiltaket få konsekvensar for</i>					
20. Veg, bru, knutepunkt	Nei				
21. Hamn, kaianlegg	Nei				
22. Sjukehus/-heim, andre inst.	Nei				
23. Kraftforsyning	Nei				Høgspenline som kryssar del av området vert truleg lagd i jordkabel
24. Vassforsyning og avlaupsnett	Nei				Jf. 55 – behov for sløkkjevavn
25. Forsvarsområde	Nei				
26. Tilfluktsrom	Nei				
27. Område for idrett/leik	Nei				
28. Parkar og friluftsområde	Ja	4	2		Landbruks/utmarksvegen vert nytta til turgåing
29. Vassområde for friluftsliv	Nei				
30. Anna infrastruktur	Nei				
Menneskebasert/driftsbasert risiko					
<i>Vert planområdet rørt av, eller medfører planen/tiltaket risiko for:</i>					
31. Akutt ureining i/ved planområdet i dag	Ja	2	3		Landbruksdrift- mogleg fare for elva
32. Akutt ureining i/ved planområdet pga. tiltaket	Ja				Jf. hending nr.13
33. Permanent ureining i/ved planområdet i dag	Nei				.
34. Permanent ureining i/ved planområdet pga. tiltaket	Ja				Jf. hending nr.13
35. Støv/støybelastning no i/ved planområdet (inkl trafikk)	Nei				
36. Auka støv/støybelastning pga. tiltaket	Ja	4	1		Trafikk til anleggsdepot og grøntavfallsområde, aktivitet i områda
37. Høgspenline (elektromagnetisk stråling)	Ja	3	1		Høgspenlina kryssar ein mindre del av området
38. Skog-/lyngbrann	Nei				Men jf. hending 55, nedanfor
39. Dambrot	-				Eit omfattande dambrot i Refsdal-dammen vil ha store konsekvensar for heile området langs Vikja. Me vurderer hendinga som svært lite sannsynleg og til å falla utafor rammene for regulering Hesjaslettet.
40. Regulerte vassmagasin, med spesiell fare for usikker is, endring i vasstand mm	Nei				
41. Gruver, opne sjakter, steintippar etc	Nei				

Hendingar/Situasjon	Aktuelt?	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar
42. Risikofylt industri mm (kjemikaliar/eksplosiv osv)	Nei				
43. Område for avfallsbehandling	Nei				Tilstanden vert forbetra ved at anlegget for grønkompst vert flytt til Hesjaslettet og tilrettelagt betre enn i dag.
44. Oljekatastrofeområde	Nei				
45. Ulykke med farlig gods til/frå eller ved planområdet	Nei				
46. Ulykke i av-/påkjørsler	Ja	2	2		Trafikkauke i området
47. Ulykke med gåande/syklende	Ja	2	4		Trafikkauke i området
48. Andre ulukkepunkt langs veg	Nei				
49. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	Nei				
50. Er det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	Nei				
51. Gruver, opne sjakter, steintippar osv.	Nei				
52. Annan verksemdrisiko	Nei				
Beredskap –behov for endring					
53. Brann/politi/ambulanse/sivilforsvar (utrykkingstid mm)	Nei				Ligg i rimeleg avstand frå sentrum med aktuelle tenester.
54. Tilkomst for utrykkingskøyretøy	Nei				Tilkomstveg vert betre
55. Sløkkjevasskapasitet	Ja	2	3		Fare for brann i anleggsmaskiner og sjølvtenning i kompost.
56. Andre beredskapstiltak	Nei				
Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring					
57. Ulykke i samband med anleggstransport	Ja	2	3		Auka trafikk med tunge køyretøy i nærområdet i samband med anleggsarbeid.
58. Ulykke i samband med byggeprosess, anleggsfase	Ja	2	3		


4 NÆRARE OM AVDEKKA RISIKO OG OM AVBØTANDE TILTAK

Hendingar der det (jf. kap.3) er avdekka risiko, vert omtala nedanfor, sameleis planlagde/aktuelle avbøtande tiltak.

4.1 Naturrisiko

Lausmasseskred, sørpeskred (hending 3 og 4 - gul)

På bakgrunn av aktsemdskart frå NVE og NGI har Asplan Viak vurdert planområdet for alle skredtypar - opp mot krava i TEK10, sikkerheitsklasse S1 og S2 (skredfarevurdering dagsett 22.06.15). Skredfaren i planområdet er mindre enn det dei ulike aktsemdskarta indikerer, men i lausmasseskråninga inne i området er det likevel avdekka faresoner for skred med årleg sannsyn 1/100 (grønt) og 1/1000 (raudt) – sjå skissa nedom. Det er i tillegg omsynsone langs resten av skråninga.



skred: faresoner, omssynsone

Avbøtande tiltak:

Fareområda/omsynssona er på det formelle reguleringsplankartet samanhengande sikringsone; ras- skredfare. Store deler av veganlegget og ein del av massedeponiet kjem innafør sona. Gjennom føresegnene og i planomtalen elles er det fastsett korleis omsyn til skred-/rasfaren skal handterast – slik at ein eliminerer/reducerer faren for skade på dei planlagde anlegga.

Flaumfare - elveflaum (hending 5 - grøn)

Planområdet er delvis flaum-aktsemdområde i NVE sitt kart. Ut frå dette, og med tanke på dei store oppfyllingstiltaka som er aktuelle, er det gjort ei eiga flaumvurdering (Asplan Viak 09.12.2015) for å få fram omfanget av 200-årsflaum. Vurderinga tek omsyn til klimaendringar (faktor 1,4) og ugunstigaste tilfelle - maksimal oppskylling.

Risiko knytt til flaum er utvasking - og dermed skade på anlegga og fare for ureining i Vikja, sjå hending 13 m.fl. Vidare har det vore vurdert om oppfyllinga vil gje innsnevring av elveløpet på ein slik måte at det kunne ha negativ verknad utafor planområdet.

Risiko er sett til «grøn» ut frå gjentaksintervall (sjeldnare enn kvart 100. år)

Avbøtande tiltak

Flaumvurderinga har danna grunnlaget for avgrensing av ei flaumfare-sone langs elva, avmerka på plankartet.

Det vert tilrådd sikring av deponiet ved steinsetjing opp til øvste flaumnivå. Dette er teke med som krav i føresegnene.

Flaumrapporten har vidare avdekka at innsnevringa av flaumareal som følgje av massedeponiet, ikkje vil ha vesentlege verknader for areala på motsett side av elva eller for areala langs Vikja nedstraums planområdet.

Naturlege terrengformer som utgjør spesiell fare (hending 10 - gul)

Det er bratt ned mot elva fleire stader langs den planlagde skråninga.

Avbøtande tiltak

Det er stilt krav om rekkverk langs vegen ned i området og i naudsynt grad også for deponiområdet.

For trafikken på tur/landbruksvegar vert ikkje situasjonen forverra – det er også i dag bratte parti langs vegen.

4.2 Naturområde og kulturmiljø m.m

Sårbar flora (hending 12 – gul)

Veganlegget grip inn i to eldre dyrkingsområde og ein del anna skogs/-utmarksareal. Ei udyrka elveslette (tidlegare flaummarkskog?) går tapt, og det er ein viss fare for at veganlegget (avkøyrsla) grip litt inn i artsrik vegkant.

Avbøtande tiltak

Det vert lagt til rette for nyetablering og vedlikehald av vegetasjon, m.a. langs elva.

Sårbar fauna/fisk, vassdragsområde (hending 13, 15, 32, 34 - raud)

Elva Vikja er nasjonalt laksevasdrag.

Planen legg til rette for deponi, anleggs-depot/lager og grønkompostanlegg. Ved slike aktivitetarkan vil det vera fare for avrenning til elva og skade på fisk/ynge – både i oppbyggings- og driftsfasen.

Avbøtande tiltak

I føresegnene er det sett krav om at oppbygging og drift skal ta omsyn slik at ein unngår ureining i elva. Før anleggsarbeida vert starta, skal det liggja føre plan som skal ivareta reinsing og bortføring av overflatevatn/sigevatn i anleggsfasen og driftsfasen.

Ved dimensjonering av overvassanlegga skal det nyttast sist oppdaterte klimatilrådingar frå styresmaktene. Pr. i dag skal det såleis leggjast til grunn ein klimafaktor på 1,4.

Det er og krav om driftsplan og overvåkingsplan som m.a. skal sikra at reinsetiltaka fungerer. Fyllingsområdet vert forsterka mot flaum – jf. hending 5

Automatisk freda kulturminne (hending nr. 16 – gul)

Den planlagde vegen grip m.a. inn i to eldre dyrkingsområde. Det eine er registrert som automatisk freda og vert, gjennom denne planen, søkt frigjeve utan vilkår om vidare undersøkingar.

Avbøtande tiltak:

Det skal i størst mogleg grad takast omsyn til det attverande av dyrkingsområda. Generelt gjeld elles at dersom det i samband med tiltak i marka kjem fram automatiske freda kulturminne som ikkje tidlegare er kjende, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminne eller sikringssoner på fem meter. Melding om funn skal straks sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune, jf. lov om kulturminne § 8 , andre ledd.

Kulturlandskap/kulturmiljø (hending 17 – oransje)

Planlagd veg vil byggja ned deler av det gamle kulturlandskapet – også ut over det som gjeld dei ovannemnde dyrkingsområda.

Avbøtande tiltak:

Nordlege del av planområdet – m.a. med Føli bru og ein eldre veg opp frå denne, vert teke vare på, og det vert opna for bygging av stiar som vil gje betre tilgjenge til både det urørde området mellom brua og det nye veganlegget – og til arealet vidare langs elva. Sjå og pkt. 4.3 nedom.

Deponiet får ei form som samsvarar med terrasselandskapet langs elva.

Landbruksområde (hending nr. 18 - oransje)

Ca. 14 daa dyrka jord vert nedbygd. Landbruket, både i planområdet og vidare sørover langs elva, vil kunna bli råka viss det vert vanskeleg tilgjenge i anleggsperioden.

Avbøtande tiltak:

Ca. 4 daa på flatt utmarksområde ved elva vert opp-dyrka som delvis kompensasjon. Det skal leggjast til rette mellombels veg i anleggsperioden – med tanke på tilkomst til landbruksareala.

4.3 Teknisk og sosial infrastruktur

Parkar og friluftsområde (hending nr. 28 – oransje)

Ca. 100 meter av den gamle landbruksvegen, frå krysset med fylkesvegen og sørover, vert bygd ned. Veggen vert også brukt som turveg – samband ned til området langs elva.

Avbøtande tiltak:

Det vert lagt til rette nye stiar, m.a. ein relativt flat sti/turveg som bind saman den nye køyrevegen og eksisterande driftsveg/sti langs elva. (Denne sambindingsvegen skal i ein overgangperiode nyttast som tilkomst også for landbruket, jf. hending 18.)

Det skal også leggjast til rette stiar/turvegar - som sambinding nordover mot Føli bru og for å sikra samanhengade turveg langs elva.

Samla sett vurderer me at tiltaka gjev betring av området som friluftsområde.

4.4 Menneskebasert/driftsbasert risiko

Akutt ureining i/ved planområdet i dag (hending nr. 31 – gul)

Det kan oppstå akutt ureining/utslepp ved drift av det flate oppdyrka området i sør – dette er særleg uheldig med tanke på Vikja på strekninga som oppvekstområde for fisk. Arealet vert nedbygd og erstatta delvis med eit nydyrka område lenger sør i planområdet.

Både det nye dyrka området og dei andre areala i planområdet vert no underlagde strenge reglar med omsyn til ureining av Vikja – sjå hending 13 og 15 (kap. 4.2) med fleire.

Akutt og/el. permanent ureining i/ved området pga. tiltaket (hending 32, 34 – raud)

Dette er omtala i 4.2 - hending 13 og 15 – alle fire punkta gjeld først og fremst ureining av Vikja.

Auka støv/støybelastning pga. tiltaket (hending nr. 36 – gul)

Dei planlagde aktivitetane/trafikken vil gje auka støv og støybelastning, men mest i anleggsfasen. Det er relativt stor avstand til bustader – t.d. ca. 150 meter i luftline frå grøntavfalls-anlegget til næraste bustad. Til nokre bustader er det og stor høgdeskilnad.

Avbøtande tiltak:

Det vert lagt til rette for vedlikehald/tilplanting av trevegetasjon som skal ha dempende effekt.

Høgspenline (hending nr. 37 – grøn)

Ei av linene som kjem innfor planområdet vert i konflikt med oppfyllinga i deponiområdet

Avbøtande tiltak:

Det er, i samråd med netteigar, lagt sikkerheitssone langs eksisterande høgspenst-trasear Lina som kjem i konflikt skal leggjast om. Det er mest aktuelt at ho vert lagt i jordkabel.

Uluksrisiko i trafikk (hending nr. 46-gul og 47-oransje)

Med planen vil det vera auke i trafikkmengda i høve til i dag, og dermed auka sjanse for farlege situasjonar i kryss og med fotgjenarar/syklistar.

Avbøtande tiltak:

God kryssutforming og krav om siktsoner, mest mogleg separering av turtrasear og biltrafikk i området

4.5 Beredskap – behov for endring

Sløkkjevasskapasitet (hending nr. 55 -gul)

Det kan vera fare for brann i anleggsmaskiner og sjølvtenning i kompost.

Avbøtande tiltak:

Det skal førast fram vatn frå offentleg vassleidning. Omsyn i anleggsperioden må ivaretakast i anleggsplan – m.a. HMT-plan.

4.6 Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring

Uluksrisiko (hending 57 og 58 –gul)

Gjennomføring av tiltaket vil føra med seg trafikk med større køyretøy i anleggsperioden, og det må takast særskilt omsyn til mjuke trafikkantar og landbrukstrafikk.

Sameleis kan ferdsel i området – knytt til landbruk og turgåing skapa farlege situasjonar opp mot sjølve anleggsverksemda (t.d. ved tipping av stein/jord-massar)

Avbøtande tiltak:

Anleggsplan med HMT-plan skal ivareta desse omsyna. Anleggsområdet må t.d. sikrast mot ferdsel som kan skapa farlege situasjonar.

5 KJELDER

Innspel til planarbeidet

Kommuneplanen for Vik, arealdelen, 2013- 2024

Annan informasjon frå kommunen

Opplysningar frå planomtalen til Hesjaslettet (denne planen)

Oversikt over databasar:

www.fylkesatlas.no

www.nve.no

Spesielt grunnlagsmateriale utarbeidd i samband med reguleringsarbeidet for Hesjaslettet

Statens vegvesen	Geoteknisk vurdering, 04.09.2015
Statens vegvesen	Registreringar Hesjaslette Vik kommune, e-post 11.02.2015 (om naturtilhøve)
Asplan Viak	Kulturminnegrunnlag 04.03.2015
Asplan Viak	Foreløpige skredfarevurderingar, 04.02.2015
Asplan Viak	Skredfarevurdering 22.06.15
Asplan Viak	Flaumvurdering, 09.12.2015
Asplan Viak	Miljøkonsekvensar for Vikja, 09.12.2015
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Rapport frå kulturminnegransking 23.10.2015